

# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Kari Anne Iversen    | FA - M80, TI - &10 | 17/942            |

| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| 55/2017       | Formannskapet | PS          | 03.05.2017  |
| 52/2017       | Kommunestyret | PS          | 10.05.2017  |

## Brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås

### Vedlegg:

Brannordning for kommunane Lindås, Meland og Modalen 2017-2020

Samarbeidsavtale

Vedtaksbrev (L)(17155)(2).pdf

### Saksopplysningar:

#### 1. Bakgrunn og fakta

Kommunane Lindås og Meland har hatt eit samarbeid om felles brannvern sidan 1995. Samarbeidet har vore organisert som vertskommunesamarbeid med Lindås som vertskommune. Samarbeidet har i dag namnet Lindås og Meland brann og redning (LMBR). Dei siste åra har LMBR hatt eit tettare samarbeid med Modalen kommune om mellom anna øvingar, kompetansetiltak og innkjøp. Det har lenge vore eit ønske frå Modalen si side om å ha eit meir formalisert samarbeid med LMBR, og det er no utarbeidd ein samarbeidsavtale og ei ny brannordning for å etablere eit felles brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås. Samarbeidet blir organisert som eit vertskommunesamarbeid med Lindås som vertskommune, og namnet blir Lindås, Meland og Modalen brann og redning.

#### Sentrale element i ny samarbeidsavtale og brannordning:

- Samarbeid blir etablert frå 01.05.17
- Avtalen gjeld for brann, beredskap og akutt forureining. Når det gjeld feiing held Modalen fram med sin feiaravtale med Masfjorden, Gulen og Solund.
- Samarbeidet blir organisert og dimensjonert på same måte som i dag med kassanert dagvakt lokalisert på hovudbrannstasjon i Knarvik.
- Modalen blir definert som eigen brannstasjon med deltidstilsette (utan rullerande vakt).
- Vakthavende befal i samarbeidet vil ha beredskapsvakt (24/7) for Modalen kommune
- Lindås kommune får arbeidsgjevaransvar for alle tilsette
- Fordelingsprosent for kostnader blir etter folketal:
  - Lindås 65,4%
  - Meland 33%
  - Modalen 1,6%

- Kommunane Lindås og Meland får ikkje auka driftskostnader som følgje av ny samarbeidsavtale med Modalen.
- Det er utarbeidd ein tilleggsavtale for dei økonomiske tilhøva for Modalen kommune, den inneheld mellom anna:
  - For å dekke auka driftskostnader totalt i samarbeidet betalar Modalen eit årleg grunnbeløp på kr 600.000. Grunnbeløpet blir indeksregulert årleg.
  - Modalen betalar ein andel utrekna etter folketal (1,6%). For 2017 utgjer dette ca. kr 315.000
  - I åra 2017 – 2019 betalar Modalen inn ein ekstra årleg sum på kr 200.000 for å dekke avvik i forhold til «rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstysbehov.
  - Modalen kommune kostar utbetring av brannstasjonen på Mo.
  - Tilsette i Modalen har høgare sats for personsøkjartillegg enn tilsette i Lindås og Meland. Differansen vert dekkja av Modalen kommune og blir dekkja som lenge det er differanse. Målet er å synkronisere tillegga over tid.
  - Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert handtert av samarbeidet. Modalen blir framleis eigar av sine noverande bilar.
  - Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvaret sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).
- Behov for nye større investeringar blir tatt gjennom økonomiplanarbeidet til vertskommunen, slik det fungerer per i dag.

I samband med prosessen er det også gjennomført drøftingar med dei tilsette, både i Modalen og i LMBR. Det er positive tilbakemeldingar på eit slikt samarbeid og ingen merknader. Elles er konkrete oppgåver, organisering, dimensjonering, utrusting og kompetanseutvikling beskrive nærare i vedlagt samarbeidsavtale og brannordning.

## **2. Vurdering:**

Kommunane Lindås og Meland har sidan 1995 hatt eit godt samarbeid om felles brann og redning. I desse åra har Lindås og Meland brann og redning (LMBR) investert mykje i rekruttering, kompetanseutvikling og utstyr for å tilfredstille nasjonale krav og lokalt risikobilete (ROS). Krava til kommunale brannvesen har dei seinare åra blitt skjerpa og dette er krav som LMBR etter kvart har tilpassa seg. Frå 01.01.17 kom det nye krav frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) knytt til kompetanse, det er mellom anna ikkje mogleg å få godkjend dispensasjonar frå krav til kompetanse. Det pågår også ei revidering av dagens dimensjoneringsforskrift. I dette arbeidet er det kome føringar frå justisdepartementet til DSB om at den nye forskrifta må stilla krav til at kvart brannvern skal minst ha ein brannsjef, ein varabrannsjef og ein leiar for førebygging, alle i 100% stilling. For eit mindre lokalt brannvern som Modalen er det krevjande å følgje opp slike krav og dei er avhengig av å kunne ha samarbeidsavtalar med større faglege einingar.

Gjennom eit brannsamarbeid med Lindås og Meland vil Modalen styrke sine leiarressursar og ta igjen etterslep på kompetansekrav. I tillegg vil Modalen få på plass nødvendige rutinar og internkontrollsystem. Å vere del av eit større miljø vil også vere fagleg motiverande for mannskapa. I samarbeidet vil ein kunne samkjøre innkjøp og organisere ein meir kosteffektiv bruk av utstyr og materiell.

### Konsekvensar for Lindås og Meland

Det å etablere ei ny brannordning saman med Modalen kommune får små konsekvensar samanlikna med dagens brannordning mellom Lindås og Meland. Det er ikkje lagt opp til at Lindås og Meland får auka driftskostnader som følgje av samarbeidet. Modalen dekker sine reelle driftskostnader gjennom ein særskilt økonomisk avtale, som er ein del av samarbeidsavtalen. Totalt vil Modalen kommune fram til 2019 årleg bidra med kr 1.195.000 for å dekke driftskostnader og avvik knytt til investeringar i «rein brannmann» og opplæring. Oversikten over Modalen sitt økonomiske bidrag er lista opp i tabell under. I Lindås og Meland brann og redning (LMBR) har kostnadsfordelinga vore 67% på Lindås og 33% på Meland. I 2016 var det totale utgifter på kr 17.825.485 til fordeling mellom dei to kommunane.

Lindås kommune får arbeidsgjevaransvar for dei deltidstilsette ved Modalen brannstasjon. Brannsjef, administrativ leing og overordna vakt (vakthavande befall) blir felles som ein del av samarbeidet.

### Oversikt over Modalen sitt økonomiske bidrag

| Kostnad  | Sum heilår | Sum 01.05.-31.12. |
|--|------------|-------------------|
| Årleg grunnsom *   | 600.000    | 400.000           |
| Andel av driftbudsjett for 2017 (1.6%) *                               | 315.000    | 210.000           |
| Fast ekstra innbetaling 2017, 2018 og 2019 til investeringar/opplæring | 200.000    | 200.000           |
| Kompensasjon avvik lønn *  | 80.000     | 55.000            |
| Totalt   | 1.195.000  | 865.000           |

\*) I 2017 vert 2/3 fakturert sidan oppstart er sett til 1.5.2017.

Det å ha Modalen med i ei felles brannordning med styrka kompetanse og utrusting, kan ha positiv effekt på den totale beredskapen i området. I Lindås er Romarheims-området og E39 eit risikoområde, dersom vegtunellar er stengt mot Knarvik. Då kan det vere det trong for uttrykking frå Modalen og Masfjorden (Matre).

### Oppsummering:

Krav til brann og beredskap i kommunane blir stadig endra og skjerpa, og det er krevjande for mindre kommunar å tilfredstille ein del absolutte krav. Det er derfor viktig å sjå over kommunegrensar for å få til tenlege og gode brann- og beredskapssamarbeid. Sjølv om Lindås og Meland er i ein prosess om kommunesamanslåing fram mot 2020, vil det vere fornuftig å etablere eit meir formalisert samarbeid med Modalen kommune basert på dei behova som Modalen har. Samarbeidet med Modalen får ikkje ein økonomisk konsekvens for driftsbudsjettet til Meland og Lindås, i tillegg kan ein i større grad få til meir effektiv utnytting av kompetanse og utstyr med eit større samarbeid. Rådmannen rår til at Lindås kommune vedtar samarbeidsavtale om eit felles samarbeid mellom Lindås, Modalen og Meland.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Det er ikkje lagt opp til at eit utvida brannssamarbeid får økonomiske konsekvensar for Meland.

## **Konklusjon**

Med bakgrunn i eit samla vurdering vil rådmannen tilrå at kommunestyret gjer positivt vedtaka i saka.

## **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17»

## **Formannskapet - 55/2017**

### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggframlegg frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17.

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

## **Kommunestyret - 52/2017**

### **KS - behandling:**

Ordførar foreslår å innføre taletid på 3 min.

**Dette vart samrøystes vedteke.**

#### **Framlegg til vedtak frå Thomas Wallen, Meland Høgre:**

1. Kommunestyret i Meland vedtar å ikke ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunene Meland, Modalen og Lindås.

2. Fremtidig diskusjon og forhandlinger om brannsamarbeid må utelukkende skje med Radøy kommune.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 20 røyster for, (7 AP, 3 SP, 3 KrF, 2 FrP, 1 V, 2 MDG, 1 BF, 1 Uavh), 6 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem fekk 6 røyster for, (5 H, 1 FrP), 20 røyster mot, og fall.**

**KS - vedtak (mot 6 røyster):**

Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17.

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.